



VINJE

ODD MARTIN KASLAND NYSTOG
TOTAKVEGEN 159
3864 RAULAND

Dato: 06.01.2026
Vår referanse: 2025/8900-5
Sakshandsamar: Kjell Negarden

140/1 - Løyve til tiltak - tilbygg - Haddland

Tiltak: Tilbygg til landbruksbygg
Tiltakets adresse: Totakvegen 159, 3864 Rauland
Eigedom: 140/1
Tiltakshavar: ODD MARTIN KASLAND NYSTOG
Ansvarleg søker: ODD MARTIN KASLAND NYSTOG
Bruksareal: Gjestehus 2 m², Tilbygg 25 m²
Bebyggd areal: Gjestehus 5 m², Tilbygg 28 m²
Bruttoareal: Gjestehus 3 m², Tilbygg 28 m²

Delegert vedtak: 245/25

Vedtak

Det vert gjeve løyve til tilbygg som omsøkt.
Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår gjeve i PBL og byggteknisk forskrift TEK-17.

Saksutgreiing

Bakgrunn og beskriving

Referanse:

Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20060002 kommunedelplan Rauland.

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til tiltak etter pbl § 20-3 registrert 15.12.2025. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 15.12.2025, jf. saksmappenr. (jnr.) 2025/8900-1.

Tiltaket gjeld tilbygg til landbruksbygning og tilbygg til gjestehus. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

Nabovarsling

Naboar er varsla 07.11.2025.

Det er ikkje oppgjeve nabomerknader frå ansvarleg søker.

Det har heller ikkje kome inn nabomerknader til Vinje kommune innan fristen.

Tiltaket er vurdert til å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjonen ser ut til å vera tilfredsstillande jf. pbl § 21-2.

Vilkår

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i pbl og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17).

Bygge- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi.

Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK 17, kapittel 9 og i forskrift om gjenvinning og handsaming av avfall (Avfallsforskrifta).

I tråd med sanitærreglementet for Vinje kommune gjer ein utbygger særskilt merksam på tekniske føresegner med krav om minsteavstand frå nybygg til VA-leidningar på 4 meter, samt kravet til overhøgde på minimum 90 cm frå botnsluk til samleleidning.

Før tilkopling til både offentlege og private vatn- og avlaupsanlegg skal ein varsle avdeling for Teknisk drift og vedlikehald i Vinje kommune.

Der kommunen har eige overvassanlegg, skal ein knyte seg til dette. Forsvarleg handtering av overvatn er tiltakshavars ansvar.

Før tiltaket vert teke i bruk må det søkast om ferdigattest eller mellombels bruksløyve jf. pbl § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

Om tiltaket ikkje er påbyrja innan 3 år eller vert innstilt for lengre enn 2 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort jf. pbl § 21-9.

Gebyr

Handsamingsgebyr blir rekna etter regulativ av 01.07.2010 – sist oppdatert 01.01.2025:

Løyve til tiltak – Type tiltak : tilbygg under 50 m² kr. 4.900,-

Arealgrunnlag: BRA/BYA = 27 m² / 33 m²

Faktura for gebyr vert ettersendt. Faktura må betalast til forfall.

Konklusjon

Vilkåra etter pbl § 20-3 med dokumentasjonskrav etter pbl § 21-2 ser ut til å vere i orden, slik at ein kan gjeve løyve til tiltaket i samsvar med pbl § 21-4.

Klagerett

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i PBL. Klaga skal sendast til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.

Med helsing

Kjell Negarden

rådgjevar byggesak

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

ODD MARTIN KASLAND NYSTOG